

Den norske kyrkja, Herøy kyrkjelege fellesråd

Utarbeidd juni 2025

BEREDSKAPSPLAN FOR ALVORLEGE HENDINGAR

1. Føremål og forankring.....	3
2. Definering av sentrale omgrep	3
Alvorleg hending	3
Kriseleiinga «set kriestab»	3
LRS-prest	4
Beredskapsordninga i DnK	4
Kommunale kriseteam	4
3. Kriseleiing lokalt.....	4
Sette kriestab i Herøy kyrkjelege fellesråd	5
Innkalling til møter i kriestaben i samband med alvorleg hending.....	6
Ressurspersonar	6
Debriefing og evaluering	6
4. Ansvarsfordeling kyrkjeverje, prost og LRS-prest.....	7
Kven gjer kva – ved ei alvorleg hending.....	7
5. Den nasjonale beredskapen i Norge.....	8
Vedlegg: Samarbeidsavtale om kyrkjeleg beredskap	

1. Føremål og forankring

Denne planen skal sikre at Den norske kyrkja, Herøy fellesråd på kort varsel kan etablere kriseleiing og raskt kan sette i verk tiltak saman med andre når alvorlege hendingar oppstår. Hendingane kan vere i eigen organisasjon eller i lokalsamfunnet.

Formålet med denne planen er å innarbeide gode rutinar for å «sette krisestab» i fellesrådsområdet. Planen tek ikkje mål av seg til å foreslå strategiar eller tiltak i møte med spesifikke hendingar eller ulykker.

2. Definering av sentrale omgrep

Alvorleg hending

Ei hending som på grunn av omfang eller kompleksitet gjer at LRS-prest, kriseleiinga på bispedømenivå, eller kriseleiinga på prostinvå vurderer å kalle ut tilsette og sette i verk særskilte tiltak som følge av hendinga.

Kriseleiinga «set krisestab»

Uttrykket å «sette krisestab» betyr at ansvarleg leiar kallar saman kriseleiinga ut frå fastsett rutine, for å avgjere korleis hendinga skal handterast, kven andre som bør inn i krisestaben, kva ressursar som er tilgjengeleg osv. Kriseleiinga kan ha møter utan å sette krisestab, men då er det for å gå igjennom rutinar, øve på «case» og liknande.

Både bispedøme, prosti og fellesråd skal ha ei definert kriseleiing. Fellesråd kan i samarbeid med prostiet ha felles kriseleiing, men her må kyrkjeverje og prost i fellesskap avgjere ei teneleg organisering.

«Å sette krisestab» viser til ei aktiv krise, ei alvorleg hending som skal handterast her og no og som krev ekstraordinære tiltak. Å sette krisestab betyr at kriseleiinga set seg i arbeid, og supplerer krisestaben i samsvar med den aktuelle hendinga som skal handterast.

Når krisestab er sett må dei som er med rydde unna andre gjeremål og konsentrere seg om å handtere den alvorlege hendinga. Det er avgjerande for god krisehandtering at ein har gode rutinar for å sette krisestab, både i forhold til kven som kallar saman, korleis innkalling skal skje, og kven som skal kallast inn.

LRS-prest

Ei alvorleg hending i Møre og Romsdal vil ofte medføre at Politimesteren etablerer Lokal Rednings Sentral (LRS) ved politiet sin operasjonssentral i Ålesund. LRS-presten er biskopen og DnK sin representant i Politimesteren sin stab ved større ulykker, bergingsaksjoner eller katastrofer. LRS-prest vert innkalla til operasjonssentralen i Ålesund, og har biskopen sitt mandat til å kalle ut kyrkjeleg personell til ulike støttefunksjonar i mottakssenter, pårørandesenter og liknande. Dette er same mandat som også prostane har etter samarbeidsavtale med prostane.

Beredskapsordninga i DnK

Vaktordninga sikrar prest i beredskap året rundt, for å ta seg av kyrkjelege tenester som ikkje kan vente. Politiet nyttar beredskapsprest til å formidle dødsbod og dette er den vanlegaste bruken av prest i beredskap i DnK. Andre «uoppsettelige tenester» kan til dømes vere nattverd til døyande eller sjelesorg.

Kommunale kriseteam

Alle kommunar har eit psykososialt team som gir støtte til pårørande og andre som er ramma ved trafikkulykker, sjølvkjempe, drap og andre akutte hendingar.

3. Kriseleiing lokalt

Ei oppskalering frå normal drift til krisehandtering ved alvorlege hendingar skjer ved at kriseleiinga på lokalt nivå, på prosti eller på bispedømenivå samlast og «set krisestab».

Ein gong for året bør staben gjennomføre ei øving der ein tek utgangspunkt i ei tenkt hending og øver seg på å bruke «Rutinar for å sette krisestab». Dei faste medlemmene av krisestaben bør møtast kvart halvår for å gå igjennom rutinar og øve med utgangspunkt i ei tenkt hending eller case.

Kriseleiinga i Herøy kyrkjelege fellesråd:

Leiar: Kyrkjeverje Birgitte Sævik Pedersen, tlf. 418 60 781

Vara dersom leiar ikkje er disponibel: Kontormedarbeidar Bjørg Sløgedal Kvalsund

Nestleiar: Sokneprest Solfrid Leinebø Seljås, tlf. 418 60 777

Vara dersom soknepresten ikkje er disponibel: prost Ingeborg Matre 948 06 965

Diakon: Ragnhild Danbolt Øygard

Dersom kyrkjeverje ikkje er disponibel trer soknepresten/prosten inn som leiar.

Andre aktuelle medlemmer:

Kontormedarbeidar: Bjørg Sløgedal Kvalsund

Kyrkjetenar: Vidar Kvalsvik

Kantor: Dag Johan Flattun

Psykososialt kriseteam i kommunen:

Teléfononummer til teamet er: 481 76 452

Det er leiar av fellesrådet si krieseleiing eller sokneprest som til ei kvar tid han mandat til å ta kontakt med det psykososiale kriseteamet i kommunen.

Politiets operasjonssentral, tlf. 02800

Ring 02800. Presenter deg, og informer om at kyrkja har satt krisestab i samband med alvorleg hending og gi dei kontaktinformasjonen vår.

Sette krisestab i Herøy kyrkjelege fellesråd

1. Kyrkjeverja kallar inn krieseleiinga og set krisestab. I kyrkjeverja sin stad kan prost eller sokneprest sette krisestab. Krieseleiinga ryddar unna andre gjeremål for å konsentrere seg om den aktuelle hendinga.
2. Vurder i fellesskap kven andre som bør vere ein del av krisestaben ut frå hendinga og utvikling av krisesituasjonen.
3. Etabler kontakt med kommunen sitt psykososiale team/politi, og gi beskjed om at de har sett krisestab. Skaff oversikt over viktige behov.
4. Vurder og avklar behov for kyrkjelege tenester i form av diakonal deltaking på "opa kyrkje", mottakssentra, ungdomsklubb, heimebesøk, ivaretaking av familiar og einskildpersonar m.m.
5. Vurder behov for å gå ut med informasjon i media i samråd med politiet
6. Ivareta eigne tilsette.
7. Juster tiltak etter utvikling og i dialog med politi/kriseteam.

Krieseleiinga bør ha låg terskel for å «sette krisestab». Ei alvorleg hending kan utvikle seg i mange retningar og det er derfor nødvendig å revurdere planar heile tida.

Regelmessig kommunikasjon ut til eigne tilsette undervegs i krisearbeidet gjev tryggleik til dei som arbeider «i felten».

Innkalling til møter i krisestaben i samband med alvorleg hending

Innkalling kan skje på SMS eller ved oppringning. Eksempel på tekst i SMS:

Alvorlig hending. Det vert kalla inn til møte i kriseleiinga i prosti/fellesråd i dag (dato) kl. (tidspunkt). Møtet vert halde (på teams) (eventuelt møtestad – kontor/kirke etc.). Stadfest at du har fått denne meldinga og om du kan delta i møtet. Gi svar til (namn og mobilnummer).

Ressurspersonar		
Prosti:	Fellesråd:	LRS-prest:

Debriefing og evaluering

Når kriseleiinga har vore involvert i handtering av ei alvorleg hending skal kriseleiinga, når hendinga er avslutta, straks vurdere om det er behov for debriefing ved hjelp av BHT. Kriseleiinga skal innan ein månad etter at hendinga er avslutta, ha gjennomgang av dei tiltaka som vart gjennomført. Ein skal også evaluere korleis hendinga har påverka eigen organisasjon og eigne tilsette og vurdere behov for vidare oppfølging.

Det skal også gjerast ei vurdering i forhold til behov for kursing og kompetanseutvikling for tilsette.

4. Ansvarsfordeling kyrkjeverje, prost og LRS-prest

Kyrkjeverje og prost har nøkkelfunksjonar i den kyrkjelege beredskapen. LRS-presten er i første rekke ein støttefunksjon for politimeisteren – men har samtidig mandat som i ein akuttfase er samanfallande med biskopen sitt mandat når det gjeld å kalle ut kyrkjeleg personell. Derfor er det avgjerande at prost, kyrkjeverje og LRS-prest spelar på lag og har eit avklart forhold til kvarandre.

Prost og LRS-prest har hovudansvar for å disponere og kalle ut prestar og diakonar for å sikre nødvendig mannskap til handtering av den alvorlege hendinga.

Prost og kyrkjeverje har kvar for seg og saman ansvar for at kyrkjeleg tilsette får opplæring og vert førebudde på handtering av alvorlege hendingar gjennom kurs og øvingar. Dei har også kvar for seg og saman ansvar for at tilsette får nødvendig oppfølging undervegs i krisearbeidet og i etterkant, når krisa er over.

LRS-presten er biskopen sin representant og kyrkjelig fagressurs inn i politimeisteren sin stab ved alvorlege hendingar i politidistriktet. (Møre og Romsdal fylke). LRS-presten møter ved Politiets operasjonssentral i Ålesund etter utkalling frå politiet. Dernest er også LRS-presten eit bindeledd mellom DnK og politiet undervegs i krisearbeidet. Det skal vere lett for prestar og kyrkjeverjer å komme i kontakt med LRS-prest i samband med ei alvorleg hending i prostiet.

Det er utarbeida samarbeidsavtale mellom fellesråda og biskopen som gjev prost og LRS-prest mynde til å kalle ut personell i begge arbeidsgjevarlinene i ein akuttsituasjon der det er behov for bemanning av mottakssentra for pårørande eller liknande tiltak. Jamfør vedlegg til denne planen.

Kven gjer kva – ved ei alvorleg hending

Biskop, stiftstdirektør:

Set krisestab ved bispekontoret ved alvorlege hendingar i Møre bispedøme.

Biskopen deltek i beredskapsrådet til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og har tett dialog med LRS-prest og politiet

Prost/sokneprest/kyrkjeverje:

Set krisestab i den lokale kyrkja ved alvorlege hendingar i ei kommune/prosti. På vegne av prosten kan kyrkjeverje eller sokneprest sette krisestab. Har dialog med kommunalt kriseteam.

LRS-prest:

Deltek i Politiet sin krisestab som DnK sin representant. Involverer tilsette i

lokalkyrkja og er bindeledd mellom politiet og DnK. Kallar ut kyrkjeleg personell til mottakssentra for pårørande og skadde*

Prost og kyrkjeverje:

Har felles ansvar for å sikre dagleg drift og gjere prioriteringar i samband med gudstenester, gravferder, soknebod og andre tenester i prostiet.

Fylgjer opp tilsette før, under og etter krisa.

Kantor, diakon, kateket, kyrkjetenar, med fleire:

Deltek i lokal krisestab etter behov og medverkar i handtering av den alvorlege hendinga med sine ulike kompetanser.

*) Etter fullmakt frå biskop og kyrkjeverje, avklart i eigen avtale

5. Den nasjonale beredskapen i Norge

Hovudredningssentralen har overordna operativt ansvar ved søk- og redningsaksjonar i Noreg. Hovudredningssentralen er organisert med to redningssentralar, éin i Nord-Noreg og éin i Sør-Noreg. Ansvarsområdet mellom Nord- og Sør-Noreg blir delt på 65 grader nord, langs grensa mellom Nord-Trøndelag og Nordland.

Sjø- og luftredningsteneste blir alltid koordinert direkte frå Hovudredningssentralen. Hendingar på land blir, i dei aller fleste tilfella, delegerte til ein av dei lokale redningssentralane (LRS), etter føringar frå Hovudredningssentralen.

Dei lokale redningssentralane blir leia frå dei respektive politidistrikta, men hovudredningssentralane er ansvarleg for å føre tilsyn. I Møre og Romsdal vert Lokal redningssentral (LRS) leia av Politimeisteren i Møre og Romsdal, Ålesund.

Biskopen i Møre er representert i LRS gjennom LRS-presten, som er DnK sin representant inn i den utvida kriseleiinga til Politimeisteren i Møre og Romsdal ved alvorlege hendingar som krev koordinert innsats frå mange aktørar – der DnK er ein av «samvirkeaktørane».